

Forsningsmelding for 2009

Institutt for framandspråk

1. Generell omtale

IF har som mål å gi støtte til både individuell forskning og til samarbeidsprosjekt. Som ein generell kommentar vil instituttleiinga seie seg stort sett nøgd med forskningsaktiviteten i 2009, medrekna arbeidet i forskargruppene. Det er tilfredsstillande at det samla talet på publiseringspoeng for tilsette ved IF auka med heile 77% frå 2008 til 2009 (frå 54,2 poeng til 95,9 poeng). Men vi merkar at den dramatiske budsjettreduksjonen i 2009 og 2010 no byrjar slå negativt ut for alle typar forskingsverksemd. Særleg ille er det at det vert umogleg å setje av tilstrekkelege midlar til fagleg-strategiske satsingar. I etableringsfasen av instituttet var det nødvendig å prioritere forskargruppene. Dei gode prosessane vi fekk i gang når det gjeld danninga av forskargrupper og korleis dei skal arbeide, lid òg under mangelen på incentiv- og driftsmidlar. IF har potensial for betring når det gjeld å skaffe eksterne midlar til forskingsverksemda, men situasjonen har betra seg dei siste par åra. Her er det nødvendig med eit meir systematisk og langsiktig samarbeid mellom institutt, fakultet og UiB si forskingsavdeling.

2. Forskingstrategisk plan for IF

Hausten 2007 og våren 2008 utarbeidde IF ein strategisk plan for 2008–2010, der strategiar og mål er sette i forhold til UiB sine hovudoppgåver. Den strategiske planen har fungert som ein styringsreiskap for instituttleiinga, og han har vorte følgd opp i møte med fagmiljøa og i medarbeidarsamtalar. Pga. den vanskelege økonomiske situasjonen ved IF/HF har det vorte stadig vanskelegare å nå dei måla vi set oss i planen. Vi skal nedanfor gi eit oversyn over kva planen seier om mål og tiltak innan forskning. Dette oversynet vil vere eit nyttig bakteppe for den kvalitative omtalen av resultatindikatorane og for den generelle kvalitative presentasjonen av resultat, planar og prioriteringar.

Ifølgje den strategiske planen er hovudmålet for forskinga å styrkje IF si stilling som eit forskingsinstitutt av høg internasjonal standard. For å nå dette hovudmålet vil IF:

Hjelpe forskarar og forskargrupper og fagmiljø til å nå eit høgt internasjonalt nivå.

IF vil:

- Sikre fridom og mangfald i forskinga. Instituttet vil gi støtte til både individuell forskning og til samarbeidsprosjekt.
- Stimulere til etablering av forskargrupper og nettverk. Alle vitenskapleg tilsette ved instituttet bør vere med i minst ei forskargruppe
- Oppmode til publisering i renommerte publiseringsskanalar.

- Leggje til rette for at kollegaer utvekslar erfaringar med publisering og prosjektsøknader.
- Analysere og rå bot på problem for enkeltforskarar og miljø som publiserer lite.
- Stimulere til auka deltaking i internasjonale fora for forskning.

Skaffe meir driftsmidlar til forskning.

IF vil:

- Arbeide for å få til meir internasjonal finansiering.
- Betre informasjonen til instituttet sine forskarar om finansieringskjelder.
- Sikre assistanse til å utarbeide og følgje opp søknader. Her vil instituttet samarbeide med fakultetsadministrasjonen og den sentrale forskingsavdelinga.

Sikre meir tid til forskning.

IF vil:

- Sørge for at arbeidstidsrekneskapen gir eit realistisk bilete av arbeidsoppgåvene og bruke han til å sikre retten og plikta til forskningstid.
- Sørge for ei jamnare fordeling av dei fagleg-administrative oppgåvene.
- Sørge for ei jamnare fordeling av rettleiingsoppgåver.
- Vurdere om faga ved instituttet kan ha meir undervisningssamarbeid, særleg på masternivå.
- Planleggje undervisninga med sikte på å gi tilsette med forskingsplikt meir samanhengande tid til forskning.
- Vurdere forholdet mellom eksamensformer og tid til forskning.
- Skjerme ordninga med forskingspermisjon og følgje opp resultatata frå permisjonane.
- Arbeide for å tilsetje universitetslektorar i fast stilling som kan ta seg av visse typar elementærundervisning. (Det bør understrekast at kontakt mellom aktive forskarar og studentar også på nybyrjarnivå er viktig.)

Styrkje forskarutdanninga.

IF vil:

- Integre stipendiatane betre i forskinga ved instituttet, m.a. gjennom forskargrupper.
- Vidareutvikle innhaldet i forskarutdanninga.
- Rettleie stipendiatane om publiseringsstrategi. Det bør vere naturleg å publisere internasjonalt.
- Arbeide for å bruke utanlandske prof. II i forskarutdanninga
- Verne forskningstida til stipendiatane.
- Arbeide for å sikre at alle stipendiatar vert samlokaliserte med dei relevante forskingsmiljøa på instituttet.
- Gå i dialog med stipendiatgruppa om oppfølging og tilrettelegging for stipendiatar i omsorgspermisjon.

2. Omtale av resultatindikatorane

Her har vi teke utgangspunkt i dei resultatindikatorane som vart brukte i forskingsmedlinga for 2008. Når ein ser instituttet under eitt, er det rom for betring for dei fleste av desse indikatorane. Resultata varierer innan instituttet, både mellom fagmiljøa og mellom individuelle forskarar. Dette vil verte teke opp i møte med fagmiljøa og i medarbeidersamtalar. Her omtalar vi berre dei indikatorane som er relevante for IF.

2.1. Publikasjonar

Talet på publikasjonspoeng auka monaleg frå 2008 (54,2 poeng) til 2009 (95,9 poeng) for dei faga som utgjer IF. 49% av publikasjonane var på nivå 2. Når det gjeld publikasjonspoeng pr. vitenskapleg tilsett (i fast stilling) pr. årsverk, ligg italiensk og russisk høgst i snitt for perioden 2007–2009 med 2,4 poeng kvar. Deretter følgjer engelsk med 2,0, fransk med 1,2, tysk med 1,1, spansk med 1,0, arabisk med 0,7 og japansk med 0,0. Gjennomsnittet for heile fakultetet i denne perioden er 1,9. Fleire av faga våre ligg klart under fakultetsgjennomsnittet, og det er ei utfordring å få desse opp på eit høgare nivå med omsyn til publikasjonspoeng. For instituttet sett under eitt håper vi å kunne auke talet på publikasjonspoeng noko i 2010.

Det er grunn til å tru at det for 2008 låg føre ein del underrapportering av publikasjonar både på nivå 1 og 2. I 2009 var det ei prioritert oppgåve for instituttleiinga å få dei vitenskapleg tilsette til registrere publikasjonar. Hausten 2009 hadde vi ei eiga instituttsamling som fokuserte på registrering og publiseringskanalar. Vi vil i 2010 halde fram arbeidet med å analysere og å rå bot på problem for enkeltforskarar og fagmiljø som publiserer lite (jf. IF sin strategiplan).

I avsnitta ovanfor har vi omtala publikasjonar som gir utteljing med omsyn til publiseringsindikatoren. Vi vil i denne samanhengen nytte høvet til å åtvare mot den aukande tendensen til å bruke biometri som hovudkriteriet for evaluering av forskning og vitenskapleg kvalitet. Det kan vere på sin plass å minne om kva UiB sin strategiske plan 2005–2010 seier om vitenskapleg publisering og anna forskingsformidling under overskrifta “Universitetets oppgaver og verdigrunnlag”. Det kan òg vere på sin plass å minne om at UHR si hovudutgreiing om teljekantsystemet frå 2004 (“Vekt på forskning”) presiserer at føremålet med denne typen resultatfinansiering er å påverke det generelle publiseringsmønsteret i positiv retning og å gje institusjonane oversikt over eiga forskning. Publiseringsindikatoren er ikkje skapt for å evaluere eller påskjone enkeltforskarar. I utgreiinga vert det åtvare mot uheldige verknader systemet kan få på lågare nivå internt ved institusjonane, i balansen mellom fag og forskargrupper, og særleg på det individuelle nivået. I jakta på publiseringspoeng er denne kloke åtvaringa langt på veg gløymd både ved UiB og andre norske forskingsinstitusjonar. Ja, enkelte stader har teljekantsystemet til og med vorte brukt som eit individuelt påskjøningssystem.

2.2. Utveksling av tilsette gjennom avtalar

Mykje av den forskinga som vert gjort ved instituttet, kjem som følgje av initiativ og kontakt mellom enkeltforskarar, utan tilknytning til formelle avtalar. Omfanget av slike forskingsopphald/utvekslingar er stort. UiB har ikkje tilfredsstillande kvalitetssikring for den typen data det her er snakk om, og tala er derfor så usikre at vi ikkje finn det føremålstenleg å kvantifisere utvekslingane.

2.3. Forskningsrådsfinansieret verksemd, EU-tildeling, bidrags- og oppdragsfinansiering

Leiinga ved IF har som mål å få dei vitskapleg tilsette ved instituttet til å søkje andre kjelder enn Meltzerfondet og NFR om støtte til større prosjekt. For å få dette til trengst det ein systematisk innsats for å vidareutvikle samarbeids- og informasjonsrutinar mellom institutt og fakultet og mellom institutt/fakultet og UiB si forskingsavdeling.

Større prosjekt som fekk eksterne midlar

Det er stor søknadsaktivitet ved IF. Når det gjeld større eksterne tildelingar i 2009, kan vi nemne at *Ana Beatriz Chiquito* og *Miguel Angel Quesada Pacheco* fekk 5.500.000 kr i støtte frå NFR til prosjektet “Linguistic Identity and Attitudes in Spanish-Speaking Latin America (LIAS)”. *Lene Johannessen* fekk tildelt midlar (890.390 kr) frå NordForsk til prosjektet “Literary Transculturation”. *Ana Beatriz Chiquito* m.fl. fekk støtte (5.172.875 kr) frå NOMA-programmet (Norad-program for masterprogram i sør) for å koordinere etableringa av eit masterstudium ved Universidad del Valle i Bolivia.

Løyvingar frå Meltzerfondet, Bergen Universitetsfond og UiB

Sandra L. Halverson fekk 237.000 kr frå Meltzerfondet til prosjektet “Schematic Networks in Translation”. *Miguel Angel Quesada Pacheco* fekk 200.000 kr frå same fondet til prosjektet “Lingvistisk atlas over Mellom-Amerika”. *Kjersti Fløttum* fekk tildelt midlar (260.000 kr) frå Friforsk-programmet ved UiB til EURLING-prosjektet. Dette er ei ordning for prosjekt som har fått svært god evaluering i Forskningsrådet. *Harald Ulland* (157.000 kr) og *Beatrice Sandberg* (100.000 kr) fekk midlar frå Bergen Universitetsfond for å arrangere konferansar. 11 prosjekt fekk tildelt smådriftsmidlar (NFR/UiB/HF).

Søknader om eksterne midlar som det vert arbeidd med ved IF

Stuart Sillars arbeider med ein søknad om støtte til eit prosjekt (“Towards a New Theory of Textual Intersection”) innan EU sitt 7. Rammeprogram. *Kjersti Fløttum* er med i ei tverrfagleg prosjektgruppe om språkbruk i klimadebatten. Denne gruppa har alt fått ei løyving på ca. 4 mill. kr frå NFR (for eit delprosjekt relatert til Sør-Afrika), samt ei “såkornløyving” frå Worldwide Universities Network (WUN). Gruppa har òg ein ny søknad inne i Forskningsrådet, på ca 4 mill. kr, knytt til røystene i klimadebatten i Latin-Amerika. Vidare har Fløttum sendt inn ein søknad til Meltzerfondet, knytt til dei same problemstillingane, men med fokus på Norden og Europa. Det kan seinare verte aktuelt med eit initiativ overfor EU sitt rammeprogram. *Kevin McCafferty* arbeider med ein søknad til NFR (FRIHUM) som gjeld prosjektet “CORIECOR – A Corpus of Irish English Correspondence, c. 1700–1900: Compiling and using a corpus to study the evolution of a new dialect”. Annette Myre Jørgensen tek sikte på å søkje NFR (FRIHUM) om støtte til COLA-prosjektet (Corpus Oral de Lenguaje Adolescente). *Ingunn Lunde* planlegg saman med forskingsgruppa si og andre samarbeidspartnarar lokalt og globalt å utarbeide ein SFF-søknad til neste utlysing. Forskargruppa KIK (Karibia: Identitet og konflikt) ved *Birger Angvik* har søkt NFR om ei løyving på 5 mill. kr.

2.4. Likestilling

IF har 48 vitenskapelig tilsette i fast stilling. Av disse er 30 (63%) kvinner. Når det gjelder professorat, er det framleis fleire menn enn kvinner. IF har til saman 19 professorar. Av desse er 12 (63%) menn.

Strategiplanen for IF har ein eigen bolk som tek føre seg likestilling mellom kjønna. Hovudmålet er at likestilling skal integrerast i verksemda til instituttet på alle nivå og fagfelt. For å nå dette hovudmålet vil vi følgje opp relevante tiltak i UiB sin Handlingsplan for betre kjønnsbalanse 2007–2009. Vi ser det som særleg viktig å:

- Arbeide for at ordninga med kvalifiseringsstipend for kvinnelege førsteamanuensar skal halde fram. Det er ei utfordring å auke andelen kvinnelege professorar ved IF.
- Støtte det sentrale initiativet for å gi nytilsette kvinnelege førsteamanuensar og postdoktorar tilbod om personleg mentor.
- Bruke arbeidstidsrekneskapen som reiskap for å få ei jamn arbeidsdeling mellom kjønna.
- Vurdere å gi ekstra forskingstermin til kvinner i faste vitenskapelige stillingar som har hatt ekstra stor arbeidsbyrde (undervisning, rettleiing, komitéarbeid, verv m.m.).
- Arbeide for å tilsetje fleire kvinner i professor II-stillingar.
- Bevisst prøve å rekruttere kvinnelege søkjarar til alle vitenskapelige stillingsgrupper.
- Arbeide for at ordninga med 3-månaders stipend til kvinnelege stipendiatar som nyss har gjort seg ferdig med avhandlinga, skal halde fram.
- Gå i dialog med stipendiatgruppa om oppfølging og tilrettelegging for stipendiatar i omsorgspermisjon.
- Leggje til rette for at kvinnelege universitetslektorar får kvalifisere seg til førstestilling.

Ordninga med kvalifiseringsstipend og andre former for kompenserande støtte til kvinnelege forskarar har vore viktig for dei fagmiljøa som no utgjer IF. Sidan 2004 har fakultetet delt ut 9 kvalifiseringsstipend til kvinnelege førsteamanuensar i desse fagmiljøa. I den tida IF har eksistert, har instituttet gitt ekstra forskingstermin til 3 kvinnelege forskarar som har hatt stor arbeidsbyrde (undervisning, administrasjon m.m.).

3. Generell kvalitativ presentasjon av resultat, planar, utfordringar og prioriteringar

I den kvalitative omtalen i del 2 kom vi inn på instituttet sine planar, utfordringar og prioriteringar. Vi viser òg til utdraget frå IF sin strategiske plan for 2008–2010 (jf. del 1). Her vil vi nøye oss med å peike på nokre hovudpunkt.

IF har som mål å gi støtte til både individuell forskning og til samarbeidsprosjekt. Vi ønskjer òg å halde fram med å prioritere forskargruppene. Vi er urolege for den dramatiske budsjettreduksjonen i 2009 og åra framover vil slå negativt ut for forskingsverksemda ved instituttet. Instituttet har stor manko på ressursar til undervisning, og det vert ei hovudutfordring framover å skjerme forskingstida slik budsjettsituasjonen er. Ei anna stor utfordring vert å halde oppe ordninga med forskingsterminar på noverande nivå.

Pga. den vanskelege økonomiske situasjonen vil 2010 i beste fall verte eit konsolideringsår for oss når det gjeld fagleg-strategiske satsingar. Det vert i år nesten umogleg å setje av midlar som kan bidra som “fødselshjelpar” inn mot viktige strategiske satsingar. Eit område der vi kan og bør verte betre uansett økonomisk situasjon, er ekstern finansiering av forskingsprosjekt. Her er vi avhengige av at fakultetet og forskingsavdelinga ved UiB arbeider meir systematisk og langsiktig enn det som har vore tilfelle hittil.

3.1. Prioritert samarbeid med andre forskingsinstitusjonar

Vi minner om at mykje av den forskinga som vert gjort ved instituttet, er individbasert og at ho ofte kjem som følgje av initiativ og kontakt mellom enkeltforskarar ved IF og andre forskingsinstitusjonar, utan tilknytning til formelle avtalar (jf. 2.2 over).

IF hadde i 2008 og 2009 drøftingar med Lancaster University om forskingssamarbeid (og studentutveksling). Det er kartlagt ein del område der forskingssamarbeid kan vere aktuelt.

I 2007 byrja Stuart Sillars og Lene Johannessen eit større samarbeid med Department of Literature ved Makerere University i Kampala, Uganda. Dette er eit 5-årig prosjekt under NUFU-programmet for institusjonelt samarbeid. Prosjektet er viktig for rammeavtalen mellom UiB og Makerere University, som vart underskriven i 1999 og som varer fram til 2014. Avtalen er eit element i det strategiske arbeidet ved dei to universiteta og skal bidra til at felles prosjekt vert gitt prioritet. Dette samarbeidet har alt resultert i publikasjon av ei bok med bidrag frå forskarar frå dei to universiteta. Ei ny bok vert publisert i 2010.

Det NordForsk-finansierte forskarnettverk “Transculturations: Nordic Network of Transcultural Literary Studies” er leia av Lene Johannessen.

To av forskargruppene ved IF har eit fruktbart samarbeid med forskarar frå NHH.

3.2. Kort omtale av arbeidet med å styrke forskingsleiing, organisering og strategisk planlegging

IF har hatt ein god prosess på det arbeidet som er nemnt i overskrifta, men som nemnt ovanfor er den dårlege økonomien ved IF/HF i ferd med å strype dette arbeidet. Instituttleiar og forskingsleiar har hatt møte med leiarane av alle forskargruppene der dei har teke opp spørsmål som gjeld organisering og strategisk planlegging. Leiarane av forskargruppene er òg medlemar av instituttet sitt forskingsutval der slike spørsmål vert drøfta.

